
Saknr: 2020/1604-4
Saksbehandlar Linn Kathrin Bakke
Dato: 24.04.2020

Til: Åse Kittang

Frå: Linn Kathrin Bakke

Notat - Klage på vedtak om avslag på utvida bruk av avkøyrslø - fv. 5246 – frådelt parsell av gnr. 13 bnr. 92 - Hetlevik - Askøy kommune

Samandrag

Synnøve Jakobsen sende søknad om endra eller utvida bruk av avkøyrslø til Statens vegvesen (SVV) den 27.05.2019. Det er søkt om å nytte eksisterande avkøyrslø som tilkomst til planlagt utskild tomt frå gnr. 13 bnr. 92 på Hetlevik i Askøy, som det er ynskje om å etablere bustad på. Avkøyrsla er knytt til fv. 5246 (tidlagare fv. 212).

Statens vegvesen (SVV) gav avslag den 14.10.2019, hovudsakleg med bakgrunn i trafikktryggleiken og at det ikkje er eit tilfredsstillande tilbod til mjuke trafikantar langs fv. 5246 i området.

Jakobsen klaga på vedtaket 29.10.2019. Klagen er fremja innan fristen på tre veker, og er såleis rettidig. Vegvesenet valde å oppretthalde avslaget, og sende difor klagen vidare til Hordaland Fylkeskommune den 18.12.2019 for handsaming.

Vedtak

Klage frå Synnøve Jakobsen over avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrslø av 14.10.2019, til frådelt parsell av eigedom med gnr. 13 bnr. 92 i Askøy kommune, vert ikkje teken til følgje.


Fylkesdirektøren infrastruktur og veg (INV) 24.04.2020:

Bakgrunn


Synnøve Jakobsen søkte om endra eller utvida bruk av avkøyrslø til Statens vegvesen (SVV) 27.05.2019. Av søknaden kjem det fram at det er ynskje om å skilje ut tomt frå gnr. 13 bnr. 92 på Hetlevik i Askøy kommune, og nytte den private vegen Langetangvegen (fv. 5246 hp 2 km 4,924) som tilkomst frå fylkesvegen. Det er søkt om å opparbeide avkøyrsla slik at den har sikt på 3 x 30 meter. Søkjar skriv at dei har vore i kontakt med Askøy kommune og at kommunen er positive til planen.



Figur 1 Hetlevik ligg på Askøy, nordvest for Bergen.



Figur 3 Utsnitt frå søknaden.



Figur 2 Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan.

Avkøyrsla det er søkt om utvida bruk av, er regulert gjennom reguleringsplanen Fv. 212 *Slettebrekka - Hetlevik, del 1 (Hetlevik), g/s-veg, vegutbedring*, planID 275 og vedteken i 2012. Avkøyrsla slik den ligg i dag er ikkje opparbeidd i tråd med gjeldande reguleringsplan. Krav til sikt i avkøyrsla som er sett i reguleringsplanen, er 6 x 54 meter.

Aktuell eigedom ligg i uregulert område. I *Kommuneplanens arealdel 2012-2023* er området sett av til bustad-busetnad med arealbrukstatus «noverande». Eksisterande sikt i avkøyrsla kan anslåast til å vere omlag 6 x 25 mot vest og 6 x 37 meter mot aust.

SVV gav den 14.10.2019, med heimel i veglova § 40, avslag på søknaden om utvida bruk av avkjørsle. I avslaget er det vist til at forholda for mjuke trafikantar på fv. 5246 ikkje er tilfredsstillande, då gåande og syklende ikkje har eit eige areal som dei kan nytte. SVV vurderer det slik at vidare bustadbygging må vente til det er etablert eit tilbod i Hetlevik som ivaretek dei mjuke trafikantane på ein tilstrekkeleg måte. Nullvisjonen ligg til grunn i alt arbeid SVV gjer.

Fv5246_hp02_f2_m04939



Figur 5 Avkjørsle det er søkt om utvida bruk av er markert med pil.



Figur 4 Smal veg og manglande sikt i kurve, retning nordaust om lag 60 meter før Hetlevik barneskule fv. 5246, hp 2, km 5,5215

Rettsleg grunnlag

Veglova § 1 a

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

Veglova § 40

Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.

Dom avsagt i Bergen tingrett, referansenummer 18-031667TVI-BERG/3

Av dom avsagt i Bergen tingrett den 31.10.2018 i ei tilsvarende sak, der avkjørsle var regulert medan tomta låg utanfor regulert område, vart det slått fast at området må sjåast på som uregulert og dermed krev særskild tillating etter § 40.

Rammeplan for avkjørsler

I «Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er fv. 5246 vist med fargekode blå som betyr mindre streng haldningsklasse.

Det følgjer av side 16 i rammeplanen at det skal leggjast opp til ei konsekvent handsaming av søknad om avkjørsle. Utgangspunktet for vurderingane er at kvar enkelt strekning er plassert i ein av fire haldningsklassar. For mindre streng haldning (BLÅ) - Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon) seier rammeplanen:

- Talet på direkte avkjørsler til vegane skal vere avgrensa.
- Nye bustadavkjørsler bør avgrensast. Val av plassering av avkjørsler må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga
- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt

Det følgjer av rettleiinga på side 5 at SVV ikkje kan avslå avkjørslesøknader eller søknad om dispensasjon frå byggegrensa berre med tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane.

Veglova krev at ein skal gjere ein konkret vurdering av det einkilde tilfelle, når ein fattar vedtak etter veglova. Når vegvesenet avslår ein søknad skal ein gjere greie for dei omsyn og vurderingar som ligg til grunn for avslaget.

SVV si handbok R701

Ved handsaming av avkøyrlesøknader skal SVV gjere ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrsløysing også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløysing frå.

Klage frå Synnøve Jakobsen

Jakobsen klaga på vedtaket 29.10.2019. I klagen vert det vist til at SVV har feil og mangelfullt grunnlag for vurderinga av søknaden. Det vert presisert at dei skal kople seg på ei eksisterande avkøyrsløysing, ikkje etablere ei ny, og at ei anna avkøyrsløysing vil verte fjerna som følge av deira tiltak. Klagar meiner at det er tilhøve som tilseier at trafikkmengda på i gjennomsnitt 1800 køyretøy i døgeret som SVV har lagt til grunn, ikkje er korrekt. I tillegg er det fartshumpar og gang- og sykkelsti langs deler av vegen. Jakobsen peikar òg på at trafikktryggleiken totalt sett vert betre om dei får nytte avkøyrsløysing, då dei vil køyre mindre enn dei gjer i dag og ei avkøyrsløysing vil verte fjerna. Dei køyrer i dag frå Hetlevikvegen 21 på Follse til barnehage og familie i Hetlevik. Dette vil dei sleppe om dei bur på Hetlevik.

Svv si vurdering av klagen

SVV såg på saka på nytt då dei fekk inn klagen, og valde å oppretthalde avslaget. Klagen vart difor oversendt til Hordaland Fylkeskommune 18.12.2019. I oversendingsbrevet er dette nemnt:

- I opphavleg avslag er saka vurdert med utgangspunkt i at dei skal kople seg på ei eksisterande avkøyrsløysing, ikkje etablere ei ny. At ei anna eksisterande avkøyrsløysing vil verte fjerna er positivt med tanke på tryggleiken, men ei godkjenning av søknaden vil uansett innebere ei potensiell auke i trafikken og at ein ekstra husstand vert kopla til den trafikkarlege Hetlevikvegen.
- SVV har utover klagar si påpeiking om feil grunnlag for trafikktaket, ikkje motteke dokumentasjon som seier noko meir om dette. SVV legg til grunn at opplysningane dei har frå Nasjonal vegdatabank ikkje inneheld feil.
- Det er vektlagt at det ikkje er noko tilbod til mjuke trafikantar, trass i at born ferdast til og frå skule og idrettsbane. Ved fleire høve har SVV fått bekymringsmeldingar knytt til ferdsel langs fv. 5246. Hetlevik Skole ligg nærare enden av fv. 5246 enn omsøkt avkøyrsløysing.
- Det er vist til nullvisjonen, som er eit ambisiøst mål som inneber innsats i alle ledd inkludert enkeltsøknadar om avkøyrsløysing.
- Gang- og sykkelveg på Hetlevik låg inne som ein del av Askøypakken, men vart teken ut. Frå rundt 2018 vart det klart at eit tilbod til mjuke trafikantar kan ligge langt fram i tid, og SVV endra då forvaltningspraksis: Dei har sidan vore negative til spørsmål om utvida bruk av avkøyrsløysing til nye bustadar.
- SVV meiner det er uforsvarleg å opne for meir bustadbygging i Hetlevik før eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert. Eit løyve i denne saka vil skape presedens for vurderinga av framtidige søknadar.

SVV tilrår å oppretthalde avslaget, med grunngjeving i omsynet til trafikktryggleik på staden, uavklarte tilhøve kring finansiering av regulert gang- og sykkelveg og faren for presedensverknad. Med bakgrunn i dette meiner SVV at eit avkøyrsløysing vil vere i strid med nullvisjonen og dei omsyn veglova § 1 skal ivareta. Dersom klagenemnda gjev medhald, må det gå fram av vedtaket at avkøyrsløysing skal opparbeidast i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Merknader frå Synnøve Jakobsen og Petter Hole

Synnøve Jakobsen og Petter Hole (ektefelle/sambuar til Jakobsen) sende 12.02.2020 inn merknadar til oversendingsbrevet som SVV sende til fylkeskommunen. Klagar uttrykkjer skuffelse over at dei ikkje vart tekne med på synfaring, og meiner dette viser låg grad av samarbeidsvilje og forståing. Det vert vist til at trafikkmengda ikkje vil auke som følge av etablering av bustad, då dei allereie køyrer til området, og at utvida bruk av avkøyrsløysing vil redusere gjennomgangstrafikken fordi klagar då kan sykle eller gå til dei ulike gjeremåla. Igjen peikar dei på feil trafikkgrunnlag, med bakgrunn i at teljepunktet står langt ifrå det relevante området og at det relevante området ligg ved slutten av endevæg.

Jakobsen og Hole er overraska over at SVV i oversendingsbrevet trekk fram andre søknadar og omsynet til lik handsaming, og at tilliten til sakshandsaminga er svekka då fleire argument først kjem fram i oversendingsbrevet. Framleis meiner dei grunngjevinga er for mangelfull, og at det

ikkje er gjeve ei konkret grunngjeving for deira avslag. Jakobsen og Hole meiner deira sak berre vil skape presedens for tilsvarende saker, der ei trafikkfarleg avkøyrsløve vert stengt og i staden utvidar bruken av ei meir trafikksikker avkøyrsløve.

I tillegg reagerer klagar på at SVV viser til rammeplanen, men ikkje held seg til retningslinene i den om at «Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsler til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt». Klagar opplever at SVV ikkje har vurdert om det i denne saka er grunn til å avvike frå «normalsituasjonen».

Det peikast på at den strenge praksisen til SVV kan ødelegge eller hindre barnefamiljar i å etablere seg i nærleik av familie, omgangskrets, skule og barnehage.

Fylkesdirektør infrastruktur og veg si vurdering

Saka er slik vi ser det, grundig gjennomgått og med korrekt grunnlag. Dom frå Bergen tingrett stadfestar at SVV eller fylkeskommunen med heimel i veglova § 40 kan handsame søknadar om utvida bruk av avkøyrsløve sjølv om avkøyrsløve er regulert, der sjølv tiltaket ligg utanfor regulert område. I reguleringsføresegnene står det at «Avkjørsle F1-F12 er felles avkjørsel for de eiendommene som sogner til vegen». Reguleringsplanen viser at den aktuelle vegstrekninga har ei avkøyrsløve, men det er ikkje dermed sagt konkret kor mange bueningar som kan nytte seg av avkøyrsløve.

At trafikkmengda aukar eller minka er, slik vi forstår saka, ikkje poenget. Poenget er at klagar sjølv vil verte utsett for forholda på fv. 5246, og ikkje ha noko tilrettelagt areal å nytte som mjuk trafikant. Eit løyve i denne saka vil difor òg skape presedens for liknande saker. Sjølv om det kan vere snakk om utvida bruk av avkøyrsløve utan å stenge andre avkøyrsløve, må andre som ynskjer å flytte til Hetlevik gå eller sykle på fv. 5246 utan fortau eller gang- og sykkelveg. Med fleire tilbakemeldingar om at fv. 5246 er ein farleg veg for mjuke trafikantar der det ikkje tilrettelagt for gåande og sykklande, meiner vi det er uforsvarleg å opne for meir bustadbygging i Hetlevik før eit tilbod til mjuke trafikantar er etablert.

Vi er elles einige med SVV om at eit avkøyrsløve i denne saka vil vere i strid med nullvisjonen og dei omsyn veglova § 1 skal ivareta.

Som det vert peika på i oversendingsbrevet frå SVV, må det dersom det vert gjeve medhald setjast krav om at avkøyrsløve skal opparbeidast slik den er vist i reguleringsplanen.

Fylkesdirektør infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket om avslag på utvida bruk av avkøyrsløve av 14.10.2019.

Vedlegg

- 1 Oversender til handsaming - Klage på vedtak om avslag heimla i veglova § 40 - Søknad om utvida bruk av avkøyrsløve frå Fv. 5246 til parsell av gnr 13 bnr 92 - Hetlevik - skøy kommune
- 2 Søknad om utvidet bruk av avkjørsel.PDF
- 3 19_126777-1 situasjonsplan_Avkjoersel_Langetangvegen 9631256_1_1.PDF
- 4 19_126777-3 Svar på søknad om endret eller utvidet bruk av avkjørsel - fv. 212 - gnr. 13 bnr 10909565_3_1.PDF
- 5 19_126777-4 Klage på vedtak om avslag - fv.212 - gnr 13 11068034_1_1.PDF
- 6 Merknader til behandlingen av søknad om utvidet bruk av avkjørsel fra Fv. 5246 til parsell av gnr. 13 bnr. 92, Hetlevik i Askøy kommune
- 7 12316403_1_2018-10-31 - Dom fra Bergen tingrett

Kopi til:
Johannes Hamre